



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Kommunestyret  
**Møtestad:** , Uppheim i Volda  
**Dato:** 28.09.2017  
**Tid:** 14:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam  
ordfører



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 98/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 99/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
OS 52/17	<b>Orientering frå KLP (Kommunal Landspensjonskasse)</b>
PS 100/17	<b>Kulturhus og kino i kombinasjon med nytt mediebygg på campus Høgskulen i Volda</b>
PS 101/17	<b>Ny bruk av bustadsmodular Engesetvegen 28 - Kostnadar og finansiering</b>
PS 102/17	<b>Tilleggsfinansiering tilbygg Myrtun – sandlager</b>
PS 103/17	<b>Utbyggingsavtale for Håmyra bustadfelt - Din Bolig AS</b>
PS 104/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 53/17	<b>Presentasjonsgrunnlag – Folkevaltnettverket</b>
OS 54/17	<b>HVO Mediefag - Prosjektstyring: Møte mellom styringsgruppe og Statsbygg - referat frå møte 28.6.2017</b>
OS 55/17	<b>Framdriftsplan per 28. august 2017 for nytt mediebygg med kultursal og visningssal</b>
OS 56/17	<b>Referat frå rådmannsgruppa 01.09.2017</b>
OS 57/17	<b>Etablering av skjergardsteneste i Møre og Romsdal</b>
FO 2/17	<b>Grunngjeve spørsmål</b>
PS 105/17	<b>Delegerte saker frå avdelingane</b>
DS 136/17	<b>Løyve til tiltak, 2 stk tomannsbustadar Gbr 11/7 og 43</b>
DS 137/17	<b>Løyve til tiltak, hytte Notaplassen Gbr 6/28</b>
DS 138/17	<b>Ferdigattest, ny bueining Gbr 27/104</b>
DS 139/17	<b>Igangsettingsløyve, påbygg Gbr 11/49/0/2</b>
DS 140/17	<b>Ferdigattest, småslåttan Gbr 21/139</b>
DS 141/17	<b>Ferdigattest, bustad og garasje Gbr 12/131</b>



## VOLDA KOMMUNE

DS 142/17	Ferdigattest, tilbygg Gbr 2/9
DS 143/17	Ferdigattest, bustad Gbr 17/217
DS 144/17	Ferdigattest, bustadblokk Gbr 30/422
DS 145/17	Ferdigattest, tilbygg Gbr 20/138
DS 146/17	Igangsettingsløyve Håmyra BK4
DS 147/17	Ferdigattest, steinbakken gbr 18/376
DS 148/17	Ferdigattest, tilbygg til lagerbygg Gbr 13/95
DS 149/17	Løyve til tiltak, redskapshus og avkjørsel Gbr 92/1
DS 150/17	Ferdigattest, naust Gbr 6/8
DS 151/17	Løyve til tiltak, støttemur Gbr 21/170
DS 152/17	Igangsettingsløyve, tilbygg hytte Gbr 2/49
DS 153/17	Løyve til tiltak, tomannsbustad Gbr 27/57
DS 154/17	Løyve til tiltak, garasje Gbr 21/142
DS 155/17	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 20/165
DS 156/17	Ferdigattest, rive bygning Gbr 18/403
DS 157/17	Ferdigattest, bustad Gbr 20/375
DS 158/17	Igangsettingsløyve Håmyra BK6
DS 159/17	Ferdigattest Gbr 17/155

## POLITISKE GRUPPEMØTE

### Måndag 25.09.2017

AP	kl. 18:00-20:00	Møterom Dalsfjorden
V	kl. 20:00-22:00	Møterom Dalsfjorden
KRF	kl. 19:30-21:30	Møterom Voldsfjorden
SP	kl. 19:30-21:30	Møterom Austefjorden
MDG	kl. 20:00-22:00	Biblioteket

### Tysdag 26.09.2017

H	kl. 17:30-19:30	Møterom Austefjorden
FRP	kl. 18:15	Møterom Voldsfjorden

### Onsdag 27.09.2017

SV	kl. 18.00-20.00	Møterom Voldsfjorden
----	-----------------	----------------------

**PS 98/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 99/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

**OS 52/17 Orientering frå KLP (Kommunal Landspensjonskasse)**





## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Rune Sjurgard

Arkivsak nr.: 2014/1913

Arkivkode: A60

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
147/17	Formannskapet	19.09.2017
100/17	Kommunestyret	28.09.2017

### **KULTURHUS OG KINO I KOMBINASJON MED NYTT MEDIEBYGG PÅ CAMPUS HØGSKULEN I VOLDA**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i formannskapet - 19.09.2017 til kommunestyret:**

*Kommunestyret er kjent med dei kritiske suksessfaktorane knytt til deltaking i sambruksløysing med HVO for kulturhus og kino i nytt mediebygg. Kommunestyret føreset at HVO og Volda kommune i planleggingsfasen legg vinn på å oppnå maksimal sambrukseffekt for at prosjektet kan la seg realisere.*

*Kommunestyret løyver inntil kr 250 000 til dekning av utgifter kommunen vil ha prosjekteringsfasen og for å få fram avgjerdsgrunnlag for kor vidt kommunen kan gå vidare med prosjektet mot endeleg realisering. Løyinga vert dekt ved bruk av ubunde kapitalfond.*

#### **Administrasjonen si tilråding:**

**Kommunestyret er kjent med dei kritiske suksessfaktorane knytt til deltaking i sambruksløysing med HVO for kulturhus og kino i nytt mediebygg. Kommunestyret føreset at HVO og Volda kommune i planleggingsfasen legg vinn på å oppnå maksimal sambrukseffekt for at prosjektet kan la seg realisere.**

**Kommunestyret løyver inntil kr 250 000 til dekning av utgifter kommunen vil ha prosjekteringsfasen og for å få fram avgjerdsgrunnlag for kor vidt kommunen kan gå vidare med prosjektet mot endeleg realisering. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde kapitalfond.**

**Vedleggsliste:**

Revidert framdriftsplan for mediabygget frå Statsbygg, udatert.

**Uprenta saksvedlegg:**

K-sak 75/17 Campusutvikling - romprogram for kulturhus og kino – sambruk

K-sak 46/17 Campusutvikling - Ressursar til å bistå kommunen i planlegging av kulturhus og kino

Intensjonsavtale godkjent av kommunestyret, K-sak 109/16

**Samandrag av saka:**

Statsbygg har utarbeidd revidert framdriftsplan for prosjektet, der ma kalkyle for investeringskostnad og husleige vil liggje føre innan 20. oktober. Volda kommune må i slutten av november velje kva alternativ/storleik ein ev vil ha prosjektert. Kalkylene vil også gi ein indikator på kor vidt prosjektet er realistisk for realisering. For å få fram eit slikt avgjerdsgrunnlag må Volda kommune delta med fagleg kompetanse og ressursar til planlegging.

Prosjektet har i dag fleire usikre faktorar som gjer at ein må vere budd på ulike utfall. Dette inneber at innsatsressursane kommunen set inn i planlegging vil vere risikokapital. Truleg vil Statsbygg kome med overslag over investeringskostnad (kvardratmeterpris) og leigepris i november som vil vere så retningsgjevande at kommunen allereie da kan ta stilling til om prosjektet kan forsvarast som realiserbart.

**Saksopplysningar/fakta:**

Det vert synt til framdriftsplanen. Prosjektet går no mot ei prosjekteringsfase. Det er utarbeidd romprogram som grunnlag for prosjekteringa. Volda kommune har engasjert konsulentane Blindheim og Langseth til å bistå kommunen i denne prosessen. Volda kommune har operert med to alterantive storleikar på kultursalen, jfr K-sak 75/17. Statsbygg har etter kommunestyrehandsaminga i juni kome attende på at Volda kommune må velje eitt alternativ for prosjektering.

Prosjektet vert leia av Statsbygg, og det er Statsbygg som vil vere byggherre ved ev realisering av planane. HVO (Høgskulen i Volda) og kommunen vert invitert med i prosjekteringa for å ivareta sine behov og avklare praktiske sambruksløyningar. Dette vert ei prosjekteringsgruppe med byggfagleg kompetanse hos partane. I kommunen er dette forankra i byggjenemnda og det er avsett ein eigen prosjektleiar i eigedomsavdelinga som følgjer opp prosjektet i prosjekteringsfasen.

Statsbygg skal på grunnlag av romprogrammet rekalkulere kostnadsoverslag på investeringa, samt rekne overslag på husleige pr kvadratmeter. Dette skal liggje føre innan 20. oktober d.å. Kulturhusdelen vert utrekna med konkrete tal for det minste alternativet med overslag for

påslag om ein skal gå vidare med det største alternativet. Ut frå intensjonsavtalen og tidlegare framdriftsplan har det vore lagt til grunn at partane først etter nyttår får tilstrekkeleg informasjon for å ta avgjerd om ein skal delta i utbygginga. Når ein no får lagt fram overslag over kostnader og husleige i november, så får ein så vidt klare indikasjonar på om prosjektet er realistisk at kommunestyret bør kunne gi eit klart vedtak i den eine eller andre retninga.

### **Vurdering og konklusjon:**

Det er forventingar knytt til å få realisert eit kulturhus i Volda. Denne gongen kom initiativet frå HVO i samband med utarbeiding av Campusplanen der mediebygg i kombinasjon/sambruk med kulturhus og kino vart lansert. Partane har etter forankring i sine styrande organ arbeidd vidare med prosjektet ut frå intensjonsavtale. Volda kommune har større investeringsbehov innanfor primærtjenestene i tillegg til pressa drift. Sambruksløyving med HVO har derfor vore sett på som kanskje det einaste realistiske alternativet for å få realisert kulturhus. Kommunen har ikkje evna å reise eit eige kulturhusprosjekt i eigen regi. Det er derfor store forventingar til at sambruk kan gi ein så stor effekt at prosjektet kan forsvarast. Ettersom HVO var initiativtakar til sambruksløyving mellom mediehus og kulturhus og inviterte kommunen med i dette samarbeidet, så er det forventingar til at HVO følgjer opp i planlegginga slik at sambrukseffekten vert optimal.

Rådmannen vil vere tydeleg på at det framleis er ein del usikkerheit rundt prosjektet. Samtidig er det nokre kritiske suksessfaktorar som må falle ned i vår favør for at prosjektet skal vere realiserbart. Det er viktig for Voldasamfunnet, HVO og regionen å få eit kulturhus, men ein må også tilpasse forventingane til at det også kan skje at den modellen ein no arbeider ut frå ikkje går i hop.

Kritiske suksessfaktorar:

#### Kalkulasjonsrenta

Regjeringa har pålagt Statsbygg å bruke ei rente på 8,7 % som grunnlag for utrekning av husleige.

#### Investeringskostnaden og husleige

Husleiga vil vere styrt av både kalkulasjonsrenta og investeringskostnaden. Statsbygg har hatt overslag på husleige som ligg godt over 100 % i høve til det som vil vere naturleg referanse til slike bygg. Dette kan vere basert på overdimensjonert standard mv og Statsbygg skal som nemnt gjere rekalkuleringar. Val av standard og løysingar, samt organiering av prosessen med entrepris vil vere styrande for kva kostnader ein kjem ut med på bygget.

#### Delt entrepris

Det er ikkje avklart om Statsbygg endeleg godkjenner at kommunen kan ta investeringane i inventar og utstyr i kultur- og kinosalen. Det vil redusere kostnads-/leiegrunnlaget for både kommunen og HVO for desse areala. Ein kan oppnå offentlege tilskot og lågare rentevilkår for lån for desse investeringane.

#### Sambrukseffekt

Ein må pårekne at Statsbygg sine rammevilkår i alle høve vil gi ein noko høgare leigepris enn om kommunen byggjer sjølv med lågare rentenivå, tilskotsordning mv. Saman med effekt av ev delt entrepris er det på sambruk ein må ha forventingar om at ein på tross av statens sine leigevilkår (med visse atterhald) vil oppnå så stor effekt at prosjektet kan forsvarast. Dette inneber at vi samla sett kjem vesentleg betre ut enn om kommunen skulle realisere kulturhus på andre måtar. Dette krev smidigheit og pragmatisk tilnærming både frå HVO og

kommunen. Dette inneber at partane må sjå dette som «vårt prosjekt» og passe på at det ikkje vert atskilte prosjekt i felles bygningskropp.

HVO har signalisert at deira leigeandel er avgrensa til kr 1 mill i året. Deling av husleige mellom partane for sambrukslokale er noko ein må forhandle om ut frå både matematiske utrekningar og vurdering av gevinst for partane. Bundne mandat kan skape hindring for ei god fellesløysing, og vil i alle høve utfordre svært stor kreativitet og pragmatisme for å oppnå så stor sambrukseffekt at økonomien kan forsvarast hos begge partar.

#### Kommunestyret frigjer driftsmidlar til husleie

Kulturhus er ikkje lovpålagt, og dei lovpålagde tenestene må prioriterast innanfor kommunen sine samla inntekter. Kulturhuset er ikkje innarbeidd i gjeldande økonomiplan. Dersom det skal realiserast må det frigjerast rom for det i komande økonomiplan. Ein må sjå på den totale drifta, og rasjonalisering av tenestestrukturen vil verte nødvendig. Rådmannen kan ikkje sjå at dette i det heile er mogleg utan at ein ser dette i samanheng med kommunesamanslåinga der Austefjord vert ein del av opptaksområdet for Grodås/Hornindal. Vidare vil det også verte nødvendig å sjå på skulestrukturen i sentrum. Det er kommunestyret som må vurdere kva som er rett for innbyggjarane i Volda og nye Volda. Dersom kommunestyret vil oppretthalde skulane i Austefjord og Vikebygda, så bør ein etter rådmannen sitt syn ikkje gå vidare med kulturhusplanane.

I samband med budsjett- og økonomiplanprosessen bør formannskapet gjennomføre ei enkel risikoanalyse der ein vurderer konsekvensane av kulturhusprosjektet ut frå gitte scenario.

Kommunen må setje av ressursar til å delta i prosjekteringsgruppa i arbeidet med å få fram eit avgjerdsgrunnlag. Dette er ein innsats som kommunen må vere budd på ta for å få avklart prosjektet. Kommunestyret har tidlegare løyvd kr 250 000 til ekstern innleige, ekskursjon og møteverksemd. Det er på førehand vanskeleg å anslå kor mykje tid som vil gå med for kommunen sin prosjektleiar og byggjenemnd utover hausten. Rådmannen rår til at det vert sett av inntil kr 250 000, slik at prosjektet i planleggingsfasen har ei øvre ramme på kr 500 000.

Rune Sjurgard  
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**

- Snarast, xx.xx.2017: Utarbeide tillegg til intensjonsavtalen mellom Volda kommune og HVO om dekning av kostnader. Signering.
- 7. september: Usikkerheitsanalyse gjennomført som heildagssamling hos Statsbygg i Oslo. HVO og Volda kommune bør vere representert på denne analysen. Representantar frå Høgskulen: Audhild Gregoriusdotter Rotevatn, Reidulf Botn og Margrete Apelseth. Volda kommune må velje representant(ar) og sende på møtet. Analysen må gjennomførast før 13. september.
- 15.-20. oktober 2017: Statsbygg utarbeidar husleigeberekning med basis i kalkyleestimatet.
- Frå 15-20. oktober 2017 til slutten av november 2017: Høgskulen og Volda kommune må ta stilling til kostnads- og husleigenivå.
- Slutten av november 2017: Volda kommune må bestemme seg for eit alternativ for kulturhussal og at dei er med vidare i prosjektet.
- Slutten av november 2017: Anbudsperiode for å innhente tilbod på prosjektering.
- Ca. x. desember 2017: Tilbodsfrist for å levere tilbod på prosjektering.
- Siste del av januar 2018: Statsbygg har evaluert tilboda og inngår kontrakt med valt tilbydar for prosjektering.
- Midten av juni 2018: Skisse / forprosjektet er ferdig.
- Midten av august 2020: Mediebygget er klart til semesterstart.



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Siri Birkeland Solheim	Arkivsak nr.:	2016/1422
		Arkivkode:	614

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
145/17	Formannskapet	19.09.2017
101/17	Kommunestyret	28.09.2017

### NY BRUK AV BUSTADSMODULAR ENGESETVEGEN 28 - KOSTNADAR OG FINANSISERING

#### Handsaming:

Sakshandsamar Siri Birkeland Solheim orienterte.

#### Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i formannskapet - 19.09.2017 til kommunestyret:

*Kommunestyret godkjenner ei auka investeringsramme for prosjektet med etablering og istandsetting/oppussing av 2 bustadsmodular ved Mork barnehage og 2 bustadsmodular for mellombels bustad og for særskilt bustadsbehov på Rotset. Auka investeringsramme vert finansiert via låneopptak på kr. 2 928 576,-. Driftsmessigekonsekvensar blir innarbeidd i økonomiplanen for 2018-2021.*

#### Administrasjonen si tilråding:

**Kommunestyret godkjenner ei auka investeringsramme for prosjektet med etablering og istandsetting/oppussing av 2 bustadsmodular ved Mork barnehage og 2 bustadsmodular for mellombels bustad og for særskilt bustadsbehov på Rotset. Auka investeringsramme vert finansiert via låneopptak på kr. 2 928 576,-. Driftsmessigekonsekvensar blir innarbeidd i økonomiplanen for 2018-2021.**

## **Vedleggsliste:**

Kostnadskalkyle for rehabilitering av bustadsmodular ved Myrtun og i Rotsetgeila  
Kostnadskalkyle for rehabilitering av modular ved Mork barnehage

## **Uprenta saksvedlegg:**

### **Samandrag av saka:**

I PS 33/17 la administrasjonen fram forslag om bruksområde for bustadsmodulane frå Engesetvegen 28. To av bustadsmodulane vart føreslått til bruk for utviding av arealet til Mork barnehage, og dei siste to til bruk på Rotset for å dekkje behov for mellombels bustad og særskilt bustadsbehov.

I PS 33/17 gjorde kommunestyret dette vedtaket:

*Kommunestyret gir administrasjonen fullmakt til å planleggje vidare med sikte på følgjande etterbruk av modulane ved Maurtua:*

- 1 modul til erstatning for mellombels bustad ved Myrtun
- 1 modul for å dekkje særskilt behov for bustad
- 2 modular for utviding av arealet til Mork barnehage

*Det skal leggjast fram sak for endeleg godkjenning av kostnadar og finansiering før gjennomføring av flyttinga.*

Bakgrunn for denne saka er å få godkjenning for finansiering og oppstart av arbeidet med å etablere bustadsmodulane.

### **Saksopplysningar/fakta:**

Det vert synt til K-sak 33/17 der det vart bestemt etterbruk av modulane ved Maurtua. Det er gjennomført kostnadskalkyle for etablering og istandsetting/oppussing av bustadsmodulane med dei bestemte plasseringane. Kostnadskalkyla er delt i to, der den eine tek føre seg etablering og istandsetting av modulane som skal etablerast ved Myrtun og i Rotsetgeila, medan den andre tek føre seg etablering og istandsetting av modulane som skal nyttast til Mork barnehage.

Bustadsmodulen som skal plasserast på kommunal tomt i Rotsetgeila, skal brukast for ein person med særskilt bustadsynkje, og vert som ei erstatning for tidlegare bustad i Torvmyrvegen 7. Denne bustaden vart skada og reve i 2015. Delar av kostnadane ved etablering og istandsetting av bustadsmodulane, er difor tenkt dekt av forsikringsoppgjeret for denne bustaden. Ein del av dette forsikringsoppgjeret er utbetalt, og står i dag på konto, medan resterande del vert utbetalt ved oppføring.

Volda kommune vil få full momskompensasjon for etablering av modulane ved Mork barnehage, medan etablering av dei to andre modulane vil føre til ein momskompensasjon på 60 %.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Tabellane nedanfor viser ei oppstilling av kostnadane for etablering og istandsetting av modulane, og for finansieringa. Driftsmessigekonsekvensar blir å innarbeide i økonomiplanen for 2018-2021.

*Kostnadar:*

Kostnad for etablering av bustadsmodular ved Myrtun og i Rotsetgeila	kr. 2 606 000,-
Kostnad for etablering av bustadsmodular ved Mork barnehage	kr. 1 983 000,-
<b>Totalkostnad (inkl.mva)</b>	<b>kr. 4 589 000,-</b>

*Finansiering og momskompensasjon:*

Forsikringsoppgjer som står på konto	kr. 716 104,-
Forsikringsoppgjer som vert utbetalt ved oppføring	kr. 235 000,-
Momskompensasjon for bustadsmodular til Mork barnehage	kr. 396 600,-
Momskompensasjon for bustadsmodular ved Myrtun og i Rotsetgeila	kr. 312 720,-
<b>Sum</b>	<b>kr. 1 660 424,-</b>

Dette gir at det er behov for ei tilleggsfinansiering på **kr. 2 928 576,-**.

**Vurdering og konklusjon:**

Det er administrasjonen si tilråding at kr. 2 928 576,- vert finansiert via låneopptak.

I samband med 2. tertialrapport vert rapportering på investeringsprosjekt innført. Volda kommune har eit stort investeringsbudsjett med mange gode og viktige prosjekt. Det viser seg at ikkje alle prosjekt er sett i gong, og det kan vere nødvendig å utsetje nokon av prosjekta. Dette kan frigi lånemidlar til dette prosjektet, og det er dermed ikkje sikkert at behov for nytt lån er nødvendig, sjølv om administrasjonen ber om dette i tilrådinga.

Rune Sjugard  
Rådmann

Kjell Magne Rindal  
eigedomssjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**



## KALKYLE FOR PROSJEKT: Moduler

Prosjektnr: 1-00399  
 Prosjekt: Bustadsmoduler  
 Rev: 09.08.2017

Nr	Konto	Brakker
<b>0</b>	<b>MARGINER OG RESERVER</b>	<b>150 000</b>
	Sum konto	
<b>1</b>	<b>FELLESKOSTNADER</b>	<b>150 000</b>
	Sum konto	
<b>2</b>	<b>BYGNING</b>	<b>1 145 000</b>
	Riving	100 000
	Grunn/ Fundamenter	360 000
	Bæresystemer/ Åpning skillevegg	0
	Yttervegg	180 000
	Innervegg	180 000
	Dekker	75 000
	TAK / tekking beslag	40 000
	Fast inventar	110 000
	Heissjakt/ trappesjakt	0
	Malerarbeid nye vegger/ fliking eksisterende	100 000
	Flisarbeid	0
	Hjelparbeid	0
	Betongtrapper	0
<b>3</b>	<b>VVS Installasjoner</b>	<b>255 000</b>
	Sum konto	
	Sanitær/ etablering av VA vask og toalett	155 000
	Varme	0
	Brannsløkking	0
	Gass og trykkluft	0
	Prosesskjøling	0
	Luftbehandling/ etablering nye stikk	100 000
	Komfortkjøling	0
	Vannbehandling	0
<b>4</b>	<b>ELKRAFT Installasjoner</b>	<b>170 000</b>
	Sum konto	
<b>5</b>	<b>TELE OG AUTOMATISERING</b>	<b>7 500</b>
	Sum konto	
<b>6</b>	<b>ANDRE INSTALLASJONER</b>	<b>0</b>
	Sum konto	
	HUSKOSTNAD ( Sum 1 - 6 )	1 727 500
<b>7</b>	<b>UTOMHUS</b>	<b>0</b>
	Sum konto	
	ENTREPRISEKOSTNAD ( Sum 1 - 7 )	1 727 500
<b>8</b>	<b>GENERELLE KOSTNADER</b>	<b>207 300</b>
	Forprosjekt	0
	Prosjekteringskostnader (~10%)	86 375
	Prosjektadministrasjon(~3%)	86 375
	Byggherrekostnader(~1,5%)	34 550
	BYGGEKOSTNAD ( Sum 1 - 8 )	1 934 800
<b>9</b>	<b>SPEIELLE KOSTNADER</b>	<b>0</b>
	Sum konto	
	PROSJEKTKOSTNAD ( Sum 0 -9 ) eks mva	2 084 800
	Merverdiavgift, 25 %	521 200
	PROSJEKTKOSTNAD inkl mva	2 606 000

## KALKYLE FOR PROSJEKT: Moduler

Prosjektnr: 1-00399  
 Prosjekt: Moduler barnehage  
 Rev: 09.08.2017

Nr	Konto	Brakker
<b>0</b>	<b>MARGINER OG RESERVER</b>	<b>150 000</b>
	Sum konto	
<b>1</b>	<b>FELLESKOSTNADER</b>	<b>150 000</b>
	Sum konto	
<b>2</b>	<b>BYGNING</b>	<b>905 000</b>
	Sum konto	
	Riving	80 000
	Grunn/ Fundamenter	300 000
	Bæresystemer/ Åpning skillevegg	20 000
	Yttervegg	100 000
	Innervegg	150 000
	Dekker	80 000
	TAK / tekking beslag	40 000
	Fast inventar	60 000
	Heissjakt/ trappesjakt	0
	Malerarbeid nye vegger/ fliking eksisterende	75 000
	Flisarbeid	0
	Hjelparbeid	0
	Betongtrapper	0
<b>3</b>	<b>VVS Installasjoner</b>	<b>130 000</b>
	Sum konto	
	Sanitær/ etablering av VA vask og toalett	70 000
	Varme	0
	Brannsløkking	0
	Gass og trykkluft	0
	Prosesskjøling	0
	Luftbehandling/ etablering nye stikk	60 000
	Komfortkjøling	0
	Vannbehandling	0
<b>4</b>	<b>ELKRAFT Installasjoner</b>	<b>90 000</b>
	Sum konto	
<b>5</b>	<b>TELE OG AUTOMATISERING</b>	<b>7 500</b>
	Sum konto	
<b>6</b>	<b>ANDRE INSTALLASJONER</b>	<b>0</b>
	Sum konto	
	HUSKOSTNAD ( Sum 1 - 6 )	1 282 500
<b>7</b>	<b>UTOMHUS</b>	<b>0</b>
	Sum konto	
	ENTREPRISEKOSTNAD ( Sum 1 - 7 )	1 282 500
<b>8</b>	<b>GENERELLE KOSTNADER</b>	<b>153 900</b>
	Sum konto	
	Forprosjekt	0
	Prosjekteringskostnader (~10%)	64 125
	Prosjektadministrasjon(~3%)	64 125
	Byggherrekostnader(~1,5%)	25 650
	BYGGEKOSTNAD ( Sum 1 - 8 )	1 436 400
<b>9</b>	<b>SPEIELLE KOSTNADER</b>	<b>0</b>
	Sum konto	
	PROSJEKTKOSTNAD ( Sum 0 -9 ) eks mva	1 586 400
	Merverdiavgift, 25 %	396 600
	PROSJEKTKOSTNAD inkl mva	1 983 000



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Totland

Arkivsak nr.: 2016/673

Arkivkode: 614

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
143/17	Formannskapet	19.09.2017
102/17	Kommunestyret	28.09.2017

### TILLEGGSFINANSIERING TILBYGG MYRTUN - SANDLAGER

#### Handsaming:

Teknisk sjef Rune Totland var til stades under handsaminga av saka.

#### Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.09.2017 til kommunestyret:

***For å gjennomføre komplett utbygging av tilbygg - garasje og sandlager - på kommunalteknisk driftslager på Myrtun, godkjenner kommunestyret tilleggsføring på kr 771 000,- inkl. mva. til prosjekt 700903. Tilleggsføringa vert finansiert slik:***

<i>Auka låneopptak</i>	<i>kr</i>	<i>576 900,-</i>
<i>Momskompensasjon</i>	<i>kr</i>	<i>144 100,-</i>
<i>SUM</i>	<i>kr</i>	<i>771 000,-</i>

***Driftsmessigekonsekvensar blir innarbeidd i økonomiplanen for 2018-2021.***

Administrasjonen si tilråding:

**For å gjennomføre komplett utbygging av tilbygg - garasje og sandlager - på kommunalteknisk driftslager på Myrtun, godkjenner kommunestyret tilleggsløyving på kr 771 000,- inkl. mva. til prosjekt 700903. Tilleggsløyvinga vert finansiert slik:**

<b>Auka låneopptak</b>	<b>kr</b>	<b>576 900,-</b>
<b>Momskompensasjon</b>	<b>kr</b>	<b>144 100,-</b>
<b>SUM</b>	<b>kr</b>	<b>771 000,-</b>

**Driftsmessigekonsekvensar blir innarbeidd i økonomiplanen for 2018-2021.**

**Vedleggsliste:**

ingen

**Uprenta saksvedlegg:**

ingen

**Samandrag av saka:**

Kommunalteknisk sektor har pr. i dag eit tilbygg til eksisterande lager-/garasjebygning på Myrtun under oppføring. Entreprenøren starta opp sitt arbeid i april i år.

Det er tidlegare løyvd midlar til dette tiltaket.

Hittil kjende kostnader, både ved fakturaer og endringsordrar, viser at løyvde midlar ikkje er tilstrekkeleg for å kunne gjennomføre prosjektet som planlagd.

Det er derfor behov for tilleggsløyving på kr 771 000 for å gjennomføre tiltaket i samsvar med planar og formål.

**Saksopplysningar/fakta:**

Det har i mange år vore eit sterkt behov for meir bygningsmasse til driftsformål på kommunalteknisk sektor i Volda kommune. Særskild har det vore etterlengta eige bygg til lagring av strøsand, og situasjonen har dei seinare år vore så prekær at ein undergang til E39 på Rotset har vore brukt som sandlager.

Våren/sommaren 2016 starta prosjektering av utviding av driftslageret, og Asplan Viak AS fekk oppdraget. Prosjekteringa var ferdig hausten 2017, og bygging av tilbygget vart lyst ut på anbod. Det vart etter dette signert kontrakt med Ivar Aambakk AS som utførande entreprenør.

At det no er behov for tilleggsløyving, skuldast at kostnadane med både prosjektering og utføring vart høgare enn fyrst vurdert.

Tilleggskostnader prosjektering:

Prosjekteringsoppdraget auka i omfang pga. at dei fyrste utkast og skisser viste seg å verte for kostbare. Dette etter å ha utarbeidd grundige kalkyler på prosjekterte utkast. Dette medførte omarbeiding av teikningar og andre prosjektdokument. Vidare hadde vi eit sterkt fokus på å bygge eit så rimeleg tilbygg som mogleg, men som samstundes var funksjonelt og innanfor krav og regelverk. Dette medførte fleire runder med utarbeiding av nye kalkyler, noko som

igjen genererte fleire prosjekteringstimar. Internt fråver/sjukmelding medførte elles meir innleige av administrative oppgåver knytt til prosjektet, enn det som i utgangspunktet var behov for.

#### Tilleggs kostnader entreprenør:

Når det gjeld sjølve entreprenør-kostnadane knytt til dette, så er det alltid ei viss usikkerheit i høve regulerbare mengder. Dette gjeld særskild grunnarbeid, då det kan vere vanskeleg å vite kva som ligg i grunnen før ein faktisk startar gravinga. I dette prosjektet fekk vi store utfordringar med mykje vatn i grunnen, og det har diverre medført større kostnader, då dette ikkje var kjend på førehand. I etterkant av oppstart, viste det seg også at det ville vere stort behov for sluk i golv. Dette burde vorte oppdaga i prosjekteringsfasen, men denne detaljen vart diverre ikkje med. Dessutan er det avdekt behov for meir isolasjon enn det som er prosjektert.

#### **Kostnader og finansiering:**

Tabell nedanfor er ei kostnadssamanstilling av prosjektet:

##### **Prosjekt: TILBYGG MYRTUN**

<b>Delkostnader</b>	<b>Eks. mva.</b>	<b>Mva.</b>	<b>Inkl. mva.</b>
Prosjekterande fase, RIB	539 890	134 973	674 863
Utførande fase, entreprenør	4 076 605	1 019 151	5 095 756
Interne timar	400 000		400 000
<b>SUM</b>	<b>5 016 495</b>	<b>1 154 124</b>	<b>6 170 619</b>
Hitil finansiert	4 440 000	960 000	5 400 000
<b>Manglande finansiering/overskriding</b>			<b>771 000</b>

#### **Avvik, stipulerte og faktiske kostnader:**

Avviket er altså på kr 771 000,- inkl. mva.

Prosjektet har vist seg å få enkelte uføresette utfordringar, og for å kunne få eit godt sluttprodukt har vi vore nøydd til å iverksetje naudsynte tiltak, sjølv om det har medført overskriding av budsjett.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Tilrettelegging av utstyrs- og gruslager for utetenesta i teknisk sektor er eit viktig folkehelseiltak som medverkar til gode tenester heile året på veg, vatn og avløp.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Overføring frå prosj. EPC opsjon etablering 3. etg Ivar AAsen bygget	kr	576 900,-
Momskompensasjon	kr	144 100,-
SUM	kr	771 000,-

#### **Vurdering og konklusjon:**

Under prosjekteringa har ein hatt sterkt fokus på å bygge så stort som mogleg, men samstundes så rimeleg som mogleg. Utgangspunktet var eit mykje større tilbygg enn det som no vert realisert, men desse planane måtte forkastast grunna høg kostnad. Det er likevel behov for meir lagerplass. Løysing på dette bør ein sjå i samanheng med kva som kan opne seg med samanslåinga med Hornindal.

Det er lagt vekt på enkle løysingar og ”minimum” i høve både ynskjer og krav. Under utarbeiding av budsjett vart det ikkje lagt inn stor nok margin på posten for uføresett.

Prosjektet er avhengig av tilleggsøyvingar for å kunne realiserast i høve forventningar og plan. Det er ikkje eit reelt alternativ å redusere prosjektet, og kostnadene må tilleggsfinansierast. Rådmannen rår til tilleggskostnadene på kr 771 000 vert finansiert ved momskompensasjon kr 144 1000 og auka låneopptak 576 900.

I samband med 2. tertialrapport vert rapportering på investeringsprosjekt innført. Volda kommune har eit stort investeringsbudsjett med mange gode og viktige prosjekt. Det viser seg at ikkje alle prosjekt er sett i gong, og det kan vere nødvendig å utsetje nokon av prosjekta. Dette kan frigi lånemidlar til dette prosjektet, og det er dermed ikkje sikkert at behov for nytt lån er nødvendig, sjølv om administrasjonen ber om dette i tilrådinga.

Prosjektet kunne ha vore betre planlagt og sektoren vil gjennomføre ei evaluering for å få oversikt over dei operasjonane dette har svikta for å lære og ta omsyn til dette i komande prosjekt.

Rune Sjugard  
Rådmann

Rune Totland  
teknisk sjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Rune Totland

Arkivsak nr.: 2017/1662

Arkivkode: L81

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
144/17	Formannskapet	19.09.2017
103/17	Kommunestyret	28.09.2017

### UTBYGGINGSAVTALE FOR HÅMYRA BUSTADFELT - DIN BOLIG AS

#### Handsaming:

Rune Totland orienterte om saka.

#### Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i formannskapet - 19.09.2017 til kommunestyret:

*Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Din Bolig AS for bygging av Håmyra bustadfelt, datert 12.09.2017.*

#### Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner vedlagte utkast til utbyggingsavtale mellom Volda kommune og Din Bolig AS for bygging av Håmyra bustadfelt, datert 12.09.2017.

#### Vedleggsliste:

1. Forslag til utbyggingsavtale for området "Detaljregulering for Håmyra" planID 1519-201103.
2. Detaljregulering Håmyra bustadfelt.
3. Kunngjering detaljregulering for Håmyra bustadfelt.

#### Samandrag av saka:

Oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale for Håmyra bustadfelt, mellom Din Bolig AS og Volda kommune, vart kunngjort i avisa Møre og på Volda kommune sine heimesider 29.12.16. Der kom ingen innspel eller merknader.

Utbyggingsavtalen omfattar tekniske anlegg som vert bygt ut av Din Bolig AS og overteke vederlagsfritt av Volda kommune for framtidig drift og vedlikehald. Denne modellen er i samsvar med praksis som er etablert for slike avtaler knytt til utbygging av private bustadfelt i Volda kommune.

Volda kommune og Din Bolig AS har gjennom forhandlingar kome fram til vedlagde forslag til utbyggingsavtale. Avtale om fordeling av tilbakebetalt meirverdiavgift har vore det mest krevjande punktet i forhandlingane. Volda kommune vedtok i 27.02.2014 (sak PS 20/14) mal for avtale om justeringsrett for inngåande meirverdiavgift mellom aktuell utbyggjarar og kommunen. Denne malen seier at tilbakeført meirverdiavgift skal delast med 60% til kommunen og 40% til utbyggjar. I forslaget til utbyggingsavtal med Din Bolig AS har vi fordelt tilbakeført meirverdiavgift med 30% til kommunen og 70% til utbyggjar. Grunnen er at Din Bolig AS har stått for, og betalt prosjektering og tilstøytande infrastruktur for mykje av samlevegen gjennom feltet som no Volda kommune er tiltakshaver for. Administrasjonen finn det difor rimeleg at utbyggjar har rett på ein større del av tilbakeført meirverdiavgift.

#### **Saksopplysningar/fakta:**

Oppstart av forhandlingar om utbyggingsavtale for Håmyra bustadfelt, mellom Din Bolig AS og Volda kommune, vart kunngjort i avisa Møre og på Volda kommune sine heimesider 29.12.16. Der kom ingen innspel eller merknader frå publikum.

Volda kommune og Din Bolig AS har gjennom forhandlingar kome fram til vedlagde forslag til utbyggingsavtale. Avtale om fordeling av tilbakebetalt meirverdiavgift har vore det mest krevjande punktet i forhandlingane. Volda kommune vedtok i 27.02.2014 (sak PS 20/14) mal for avtale om justeringsrett for inngåande meirverdiavgift mellom aktuell utbyggjarar og kommunen. Denne malen seier at tilbakeført meirverdiavgift skal delast med 60% til kommunen og 40% til utbyggjar. I utbyggingsavtalen med Din Bolig AS har vi fordelt tilbakeført meirverdiavgift med 30% til kommunen og 70% til utbyggjar. Grunnen er at Din Bolig AS har stått for, og betalt prosjektering for mykje av samlevegen gjennom feltet som no Volda kommune er tiltakshaver for. Det som har vore krevjande er å dokumentere kor mykje av prosjekteringa som har vorte betalt av Din Bolig AS for Volda kommune sin samleveg. Din Bolig AS deltek med 50% av kostnaden til samlevegen gjennom Håmyrfeltet, noko som der er skriven eigen utbyggingsavtale på (avtale om anleggsbidrag). Din Bustad tek også alle kostnader med tilstøytande infrastruktur som støttemurer og rullestoltilkomst til vegen. Administrasjonen finn ut frå ei samla vurdering at det rimeleg at utbyggjar har rett på ein større del av tilbakeført meirverdiavgift.

#### **Kommuneplanen:**

Saka handlar om kommunal tilrettelegging for auka busetting i Volda.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Vurdert i prosess for reguleringsplan for Håmyra.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Prosjektet vil på sikt auke kommunen sine driftsutgifter med vedlikehald av ny infrastruktur.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Vurdert i prosess for reguleringsplan for Håmyra.



Rune Sjugard  
Rådmann

Rune Totland  
teknisk sjef

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Klageinstans:**

Ingen

**Forslag 12.09.2017**

**Mellom Din Bolig AS (heretter kalla utbygger) og Volda kommune (heretter kalla kommunen) er det med grunnlag i plan- og bygningslova kap. 17 inngått følgjande**

## **UTBYGGINGSAVTALE**

FOR

### **HÅMYRA BUSTADFELT**

#### **1. GENERELT**

Avtalen gjeld utbygging og overtaking av kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp i samband med utbygging av prosjekt "Håmyra bustadfelt" innanfor reguleringsplanen "*Detaljregulering for Håmyra, datert 18.06.15*".

Følgjande hovudretningslinjer regulerer denne avtalen:

- "Detaljregulering for Håmyra", planid 2011003, eigengodkjent 18.06.2015.
- Tekniske planar "Funksjonsbeskrivelse (teikningshefte/tekstdel) datert 01.10.15" utarbeidd av ingeniørfirma Per Mulvik AS.

Utbyggingsområdet etter denne avtalen omfattar "Detaljregulering for Håmyra", datert 18.06.15. Anlegget som inngår i denne avtalen gjeld offentleg veganlegg: o\_V2 og o\_V3. Anlegget omfattar opparbeiding av nye anlegg for veg, vatn og avløp i samsvar med ovanfor nemnde tekniske planar. Utbyggjar ønskjer kommunal overtaking av dei tekniske anlegga som avtalen omfattar. Dette må skje ved eigen søknad når anlegga er ferdigstilt.

#### **1.1. Partar**

Volda kommune	-	org.nr. <b>939 760 946</b>
Utbyggjar Din Bolig AS	-	org.nr. <b>988 973 424</b>

#### **1.2. Definisjonar**

**Igangsettingsløyve:** Bygningsmynde si godkjenning som grunnlag for at arbeidet etter denne avtalen kan setjast i gang.

**Planområde:** Området innanfor regulert plangrense i godkjend reguleringsplan "Detaljregulering for Håmyra", datert 18.06.15.

**Byggjesteg:** Utbygginga skal skje i 2 byggjesteg:

1. byggjesteg: o\_V3.

2. byggjesteg: o\_V2.

**Teknisk infrastruktur:** Opparbeiding av veg, vatn og avløp slik det går fram av "Funksjonsbeskrivelse (teikningshefte/tekstdel) datert 01.10.15" utarbeidd av ingeniørfirma Per Mulvik AS.

### **1.3. Formål**

Avtalen har til formål å regulere partane sine rettar og plikter overfor kvarandre ved utbygging av "Håmyra bustadfelt".

### **1.4. Utbyggingsområde/ geografisk avgrensing/ eigarforhold**

Avtalen omfattar tekniske planar, omtalt i "Funksjonsbeskrivelse (teikningshefte/ tekstdel)", utarbeidd av ingeniørfirma Per Mulvik AS, datert 01.10.15.

Utbyggingsområdet ligg innanfor reguleringsplanen "Detaljregulering for Håmyra", datert 18.06.15. Planen er eitt av vedlegga til denne avtalen.

## **1. UTBYGGAR SITT ANSVAR**

### **2.1. Omfanget av utbygginga**

Utbygger er ansvarleg for gjennomføring av utbygging av dei anlegg innanfor bustadfeltet som går fram av denne avtalen. Tekniske detaljplanar for bustadfeltet er godkjent i samsvar med kommunen sitt godkjeningsbrev datert 15.09.2017.

### **2.2. Grunnerverv**

Utbygger skal sjølv sikre seg nødvendige rettar for gjennomføring av prosjektet. Utbyggjar skal før overtaking finn stad kostnadsfritt overdra grunnareal tilhøyrande dei vegar som skal overtakast.

I den grad kommunaltekniske anlegg rører ved privat eigedomsrett, må utbygger sørje for at kommunen vert sikra tinglyst rett til å ha liggjande, kunne vedlikehalde og kunne etablere nye anlegg som etter kommunen si vurdering er naudsynt av omsyn til anlegget sin funksjon.

### **2.3. Val av entreprenør**

Entreprenør for anlegga etter denne avtale er K.A. Aurstad AS.

### **2.4. Framdrift/ avtalen si varigheit**

Utbyggjar pliktar å ferdigstille anlegga og overlevere alle anlegg omfatta av denne avtale til Volda kommune innan:

1. byggjesteg (jf. pkt 1.2 ovanfor) innan 3 år frå igangsetjingsløyve er gitt.

2. byggjesteg (jf. pkt 1.2 ovanfor) innan 4 år frå igangsetjingsløyve er gitt.

Kommunen kan bryte denne avtalen dersom tidspunktet for overlevering ikkje vert halde.

### **2.5. Rekkefølgekrav/ sikringstiltak**

Rekkefølge av utbygginga skal følgje gjeldande reguleringsplan m/vedtekter.

### **2.6. Offentlege trafikkområde**

Utbyggjar ønskjer kommunal overtaking for følgjande køyrevegar: o\_V2 og o\_V3. Grunnlaget for dette er at godkjende tekniske planar vert lagt til grunn for opparbeidinga.

## 2.7. **Vatn og avløp**

Utbyggjar ønskjer overtaking av kommunale leidningsanlegg jf. pkt. 2.1 ovanfor. Godkjende tekniske planar skal leggjast til grunn for opparbeidinga.

## 2.8. **Fordelingsanlegg straum, el-, tele- og kabel-TV anlegg**

Forholdet mellom utbyggjar og kabeletatane (Mørenett, Telenor og eventuelle kabel-TV-selskap) vert regulert i eigne avtalar når det gjeld økonomiske spørsmål. Tekniske planar for kabeletatane skal være i samsvar med kommunale normer og retningslinjer.

## 3. **KOMMUNEN SITT ANSVAR**

### 3.1. **Kommunal deltaking**

Ingen.

## 4. **ØKONOMISKE BETINGELSAR**

For å sikre kommunen og tredjeperson at anlegget ferdigstillast innanfor avtalte tidsfristar, skal utbyggjar stille bankgaranti overfor Volda kommune før arbeidet vert sett i gang. Garantien skal knytast opp i mot og kunne gjerast gjeldande mot manglande fullføring og overskridingar på avtalen sine tidsfristar og for feil og manglar i inntil tre år etter at overtaking av anlegget finn stad. Garantien skal utgjere 10 % av dokumentert samla anleggskostnad for tekniske anlegg i utføringstida, slik det framgår av pkt. 2.6 og 2.8 i denne avtalen.

Samla anleggskostnad i samsvar med framlagt anbod datert 23.06.16, kr. 24.851.761,-

Garantibeløp 10 % av ovannemnde: **kr. 2.485.176,-**

Etter at anlegget er overteke vert garantien redusert til 3 % for forhold som vert pålagt dei 3 (tre) første åra etter overtakinga. Garantien skal avsluttast når garantitida er ute. Garantien skal stillast før oppstart av anleggsarbeida.

### **Justeringsrett**

Det er avtalt at utbyggjar og kommunen skal inngå avtale om overføring av retten og plikta til å justere inngåande meirverdiavgift jf. meirverdiavgiftsforskrift kapittel 9. Det er avtalt at tilbakebetaling av meirverdiavgift skal tilbakebetalast over 10 år, og at fordelinga er avtalt til 70% til utbyggjar og 30% til kommunen.

Følgjande krav til dokumentasjon må framleggjast av utbygger:

- Anskaffingskostnad utan meirverdiavgift,
- total meirverdiavgift,
- opplysningar om det er frådragsført meirverdiavgift ved anskaffinga.

## 5. **VILKÅR FOR OVERTAKING AV TEKNISKE ANLEGG**

Utbyggjar vil søkje om kommunal overtaking av tekniske anlegg ved eigen søknad når anlegga er ferdigstilt. Tekniske anlegg skal overtakast vederlagsfritt til kommunalt

vedlikehald i samsvar med inngått utbyggingsavtale. Når alle forhold er brakt i orden, skal det skrivast ein overtakingsprotokoll som er gyldig når begge partar har skrivne under.

Kommunen overtek ikkje anlegg til drift og vedlikehald før anlegga er utført i samsvar med vedtekne normer, retningslinjer samt godkjende planar. Anleggsutføring som er endra utan førehandsgodkjenning vert i utgangspunktet ikkje godkjent for kommunal overtaking. Eventuelle konflikhtar mellom utbyggjar, entreprenør og/eller berørte grunneigarar må være løyst før kommunen overtek tekniske anlegg til vedlikehald.

Ein føresetnad er at all grunn som er regulert til offentleg vegformål blir overskøytt til kommunen før kommunen overtek ansvar for vegvedlikehaldet.

## **6. ENDRINGAR/ REFORHANDLINGAR**

Dersom utbyggjar eller kommunen finn det naudsynt med endringar i høve godkjende planar, skal konsekvensar og ansvar avklarast mellom underskrivne av denne avtalen før endringar kan gjennomførast.

## **7. TRANSPORT AV AVTALEN**

Eventuell vidaretransport av denne avtalen kan ikkje finne stad før etter forhandlingar mellom dei involverte partar, og kommunen si godkjenning.

## **8. DIVERSE**

### **8.1. Misleghald**

Ved eventuelt misleghald av denne avtalen, kan den seiast opp av kommunen.

### **8.2. Tinglysing**

Der leidningsanlegg ligg utanfor område som skal overtakast av kommunen, må utbyggjar framskaffe tinglyste rettar som gir kommunen rett til å ha liggjande leidningar på annan mann sin grunn og til fritt å kunne utføre drift og vedlikehald av leidningar og installasjonar.

### **8.3. Tvistar**

Ein kvar tvist mellom partane vedrørande avtaleforhold skal søkjast løyst i minnelegheit. Dersom ein ikkje oppnår løysning, skal tvisten avgjerast ved dei ordinære domstolar med mindre partane blir samde om å la tvisten bli avgjort ved voldgift.

### **8.4. Iverksetjing av avtalen**

Denne avtalen byrjar å gjelde når den er underskriven av begge partar. Avtalen vert underskriven i to eksemplar, der partane beheld eitt eksemplar kvar.

Ørsta, .....

Volda, .....

For utbyggjar Din Bolig A/S

For Volda kommune

.....

Roar Eiken  
dagleg leiar

.....

Jørgen Einar Amdam  
ordførar



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2014/280

Arkivkode: 2011003

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

Formannskapet

### PLANID 2011003 - DETALJREGULERING FOR HÅMYRA. NY HANDSAMING AV SAKA ETTER VEDTAK I K-SAK 36/15, DEN 30.04.2015

#### Administrasjonen si tilråding:

*Detaljregulering for Håmyra, slik det går fram av plandokumenta –planomtale og situasjonsplan datert 3.12.2014, og plankart og føresegner datert 3.02.2015, og med situasjonsplan sist revidert 3.12.2014 som juridisk bindande del av plan, vert på fylgjande vilkår godkjent i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12-12, jf §12-11:*

*Reguleringsføresegnene §4.1. Rekkefølge, Pbl. §12-7 nr.10, får fylgjande tillegg:*

*Pkt l):*

*Før utbygging av Håmyrafeltet med tilhøyrande samleveg kan settast i gang skal det etablerast fylgjande strakstiltak i Raudemyrvegen:*

- 1. Vegen skal skiltast med fartsgrense 40km/t.*
- 2. Fartshumpar/oppheva gangfelt skal etablerast ved gangveg mot Sjukehuset-, ved kryss mot Brenslene-, mot gangveg aust for Steingardsvegen og ved overgang til Heltnevegen/Uravegen.*
- 3. Gatestrekinga skal ha prioritet i høve komande plan for utskifting/oppgradering av kommunale gatelys.*
- 4. Dersom Raudemyrvegen på strekinga Lisjenakkvegen til Solhøgda ikkje er opparbeidd til samlevegstandard før utbygging av Håmyrfeltet startar, skal det i anleggsfasen etablerast ordning med vikeplikt for møtande køyrety (skilt 212/214) eller lysregulering.*

*og pkt m):*

*Før Raudemyrvegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra /Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen på strekinga Lisjenakkvegen til Solhøgda vere opprusta til samleveg standard.  
Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.*

#### Vedleggsliste:

K-sak 4/15

Saksdokumenta knytt til K-sak 4/15

Krav om lovlegkontroll, brev av 17.03.2015, og 30.03.2015

K-sak 36/15

Fylkesmannen brev av 29.05.2015

Notat - *Aktuelle vegutbetringar i Engesetvegen og Kleppevegen ved utbygging av Urbakkfoten.*

### **Uprenta saksvedlegg:**

Underliggende plandokument tilknytt planprosess PlanID 2011003 Håmyra.  
Kommunedelplan Volda sentrum, Mork-Furene og Vikebygda

### **Samandrag av saka:**

Kommunestyret godkjende i sak 4/15 reguleringsplan for Håmyra.

Det vart av fem kommunestyrerepresentantar fremja krav om lovlegkontroll av vedtaket i brev datert 17.03.2015.

Kommunestyret handsama spørsmålet som sak 36/15. Kommunestyret fann vedtaket i sak 4/15 ulovleg då saka etter fleirtalet si vurdering ikkje var godt nok utgreidd.

Fylkesmannen har ved brev av 29.05.2015 stadfesta at kommunestyret sjølv gjennom vedtaket i sak 36/15 har funne reguleringsvedtaket i sak 4/15 ulovleg.

Saka er såleis returnert til administrasjonen for nærare utgreiing.

Administrasjonen har i si utgreiing no teke utgangspunkt i dei moment som kjem fram i brev om lovlegkontroll.

### **Saksopplysningar:**

Reguleringsplan for Håmyra vart fremja for slutthandsaming i kommunestyret den 26.02.2015, sak 4/15.

Det vart gjort fylgjande vedtak med 14 mot 13 røyster.:

*”Detaljregulering for Håmyra, slik det går fram av plandokumenta –planomtale og situasjonsplan datert 3.12.2014, og plankart og føresegner datert 3.02.2015, vert godkjent i samsvar med reglane i Plan og Bygningslova §12-12, jf §12-11. Situasjonsplan sist revidert 3.12.2014, er juridisk bindande del av plan.”*

Det vart også lagt inn ulike endringar i reguleringsføresegnene, §2.2.3 Leikeplass, §2.4.1 Turveg, §4.1. Rækkefølge, § 4.1.1. Jf saksutskrift som ligg ved.

Eit mindretal frå kommunestyre fremja 17.03.2015 sak om lovlegkontroll av vedtaket. Saka vart lagt fram for kommunestyret den 30.04.2015 som sak PS 36/15, der det vart gjort slikt vedtak med 14 mot 13 røyster:

*” Kommunestyret finn at administrasjonen si plikt til forsvarleg utgreiing av saka (jmf. Kommunelova paragraf 23.2) ikkje er oppfylt. Dette gjeld særleg trafikkale forhold som utbygging av Håmyra vil medføre, mellom anna Raudemyrvegen og Heltnevegen. Krav om lovlegheitskontroll vert å sende til Fylkesmannen for vidare handsaming.”*

Sak om lovlegkontroll er ut frå dette sendt over til Fylkesmannen.

Fylkesmannen har no gitt skriftleg tilbakemelding i saka.

Det heiter her i brev datert 29.05.2015:

*”Kommunestyret seier i sitt vedtak at reguleringsplan for Håmyra som kommunestyre sjølv vedtok den 26.02.2015, sak PS 4/15, var for dårleg utgreidd. Det er eit krav i forvaltningslova at saken skal vere så godt opplyst som mogleg før ein fattar enkeltvedtak, til dømes eit vedtak om reguleringsplan. Når kommunestyret meiner at saka er for dårleg utgreidd, var ikkje grunnlaget til stades for at kommunestyret kunne gjere eit lovleg vedtak. Og når kommunestyret finn at det ikkje er grunnlag for å gjere eit lovleg*



*vedtak, forstår fylkesmannen det slik at kommunestyret tok lovlegklagen til følge. Saka skulle etter dette vore sendt attende til administrasjonen med beskjed om å utgreie saka ytterlegare, før den på ny vart lagt fram for kommunestyret til endeleg avgjerd. Krav om lovlegkontroll vert difor sendt attende til kommunen for ytterlegare utgreiing og nytt vedtak.”*

**Kommunestyret sitt vedtak om plangodkjenning er såleis å sjå som oppheva. Kva som må avklarast/vurderast nærare før saka kan fremjast på ny, finn administrasjonen det rett å sjå i høve til dei moment som kom fram i brevet knytt til krav om lovlegkontroll.**

Det er fyrst og fremst dei konsekvensar som planlagt utbygging vil kunne gje for eksisterande vegnett, framkomelegheit-, tilhøve for mjuke trafikantar, som skuleveg og som bruksveg til fritidsaktivitetar som er framheva.

Bakgrunn for at desse spørsmåla vert reist i saka har nok også samanheng med den relativt store utnyttingsgrad/tal bueiningar som er lagt til grunn for plan Håmyra. Men dette er så langt ein kan sjå ikkje gitt vesentleg fokus i lovlegklaga.

Planvedtaket i K-sak 4/15 og seinare vedtak om godkjenning av rammeløyve for utbygging etter plan vart kunngjort og sendt partar/naboar, samt aktuelle sektormynde straks etter vedtak, med høve til klage, jf plan og bygningslova §12-12 og §12-15.

Det er ikkje motteke klager på desse vedtaka innanfor oppsett klagefrist.

Det kan såleis synest som at sjølve planen og innhaldet i den, utbyggingsform-, konsentrasjon og tal einingar, er akseptert, basert på dei rekkefølgjekrav som var lagt til grunn.

Vi finn det likevel rett også å sjå nærare på planinnhald /utnyttingsgrad/tal bueiningar i planområdet i vår gjennomgang av saka, då dette også vil ha påverknad for trafikale tilhøve.

### **Generell vurdering:**

Reguleringssaka for Håmyra har utgangspunkt i gjeldande kommuneplan, kommunedelplan for Volda sentrum, Mork-Furene og Vikebygda. Plan godkjent 18.06.2009.

Området er også tidlegare regulert til bustadformål, plan Håmyra godkjent Volda kommunestyre 1.06.1999.

Både i gjeldande kommuneplan og i to tidlegare komunedelplanar for sentrum har vegsystemet i og kring Volda sentrum vore tema, og konklusjonane knytt til dette er nedfelt i planar og føresegner.

Det har vore stor semje om behovet for ein øvre sambindingsveg som knyter saman områda i Røyslid/Heltne og Engeset. Dette for både å sikre grunnlag for kollektivtilbod til eit større område og for å lette kommunikasjonane mellom felta og for fordeling av trafikk til/frå viktige trafikkpunkt i området som barnehagar, skular, høgskule, sjukehuset m.m.

I planprosessen for Håmyra er desse tilhøva omtala, og både utbygger og kommuneadministrasjonen har teke utgangspunkt i desse føringane nedfelt i overordna plan. Jf Planomtale og tilhøyrande dokumentasjon.

Utanom det overordna vegnett gjennom sentrum, som består av E39, fv 651 og fv.45 (Vikebygdvegen) er det i kommunedelplanen lagt opp til to viktige samleveg-/ringvegssystem i og rundt Volda sentrum.

Dette gjeld samlevegen: Sjukehusvegen-Kårstadvegen-Engesetvegen- Storgata-Lerkene-Industrigata, og samlevegen: Heltnevegen-Raudemyrvegen - Sambindingsvegen over Håmyra- Engesetgeila-Kleppevegen til Engesetvegen.

(I tillegg har vi ein del sentrale samleveggar på Rotset, som Prestegata, Rotsetgeila og Myravegen, men vi held desse utanfor drøftinga i denne saka).

Det lokale ringbuss-systemet, som er etablert og som er tenkt satsa vidare på i høve til tilrettelegging for kollektivtrafikk, er i hovudsak også tilpassa dette.

Desse hovudsamlevegane er også sentrale gangvegsamband knytt til tilkomst til/frå bustadfelt og mot sentrum, skular, barnehagar og fritidsaktivitetar m.v.

Ut frå den debatt som no er reist i saka, kan det synest som at ein i kommuneplanprosessen ikkje har hatt nok fokus på dette samlevegssystemet, og behov for tiltak her.

Har det tilfredsstillande standard til tiltenkt funksjon, for å dekke eksisterande og nye byggeområde, og som busstrase for ringbuss? Har det tilfredsstillande tilhøve for mjuke trafikantar?

Det er såleis i kommuneplan heller ikkje sett nokon rekkefylgjekrav knytt til opprusting av dette vegsystemet før utbygging av nye områder tilknytt vegane.

Kommuneplanrevisjon skulle etter vedteken planstrategi vere oppstarta i 2013. Men p.g.a innsparingstiltak med planleggarstillingar i vakanse m.v, vart dette arbeidet fyrst starta opp i 2015.

I tilknytning til dette er det også lagt føring for gjennomgang av veg/trafikkplan som del av utgreiingsarbeidet. (jf. planprogram).

I framlegg til revidert Trafikktryggingsplan for Volda er det derimot sett fokus på alle desse vegstrekningane, der behov for utbetring, for fartsreducerande tiltak m.v er nærare vurdert.

Det er i planprosessen for Håmyra avklara at ansvaret for utbygging av sambindingsvegen vestover frå Håmyra (frå Gylelva til Kleppevegen m.v) er eit kommunalt ansvar knytt opp mot området Urbakkfoten.

Administrasjonen har såleis i sine utgreiingar lagt til grunn eit klart skilje mellom utbygginga av Håmyra, som privat plan, og utbygging av Urbakkfoten med tilhøyrande vegsystem vestover som eit kommunalt tiltak.

Kommunen er i gang med reguleringsprosess for Urbakkfoten-området. Planlegging av samlevegen gjennom desse to områda er samordna. Men plan for Urbakkfoten med tilhøyrande veg er oppstarta noko seinare enn planen i Håmyra og er enno ikkje ferdig utarbeidd.

Vidare avklaring av behov for utbetringar av eksisterande vegar, vestover mot Engesetvegen, og eventuelle rekkjefølgjekrav for dette i plan Urbakkfoten vert ein naturleg del av planprosessen for dette feltet.

Administrasjonen er imidlertid allereie no klar på at det er behov for tiltak i Kleppevegen på heile strekninga ned til forbi låven på gnr 18 bnr 10, for å oppnå tilfredsstillande samlevegstandard her.

Også redusert vegbreidde og diverse innsnevringar i Engesetvegen (ved omsorgenteret, Ottamarka og tunet på 18/12) er kjende trafikale problemstillingar.

Dette er "gamle synder" frå utbygging av Engeset/Klepp feltet, der ein **da** for å spare kostnader, (mot mange faglege råd) reduserte vegbreiddene i Engesetvegen og Kleppevegen med 1m og sløyfa fortau i gatenettet vidare oppover.

Vidare vart det ikkje sikra veggrunn forbi uthushjørnet på 18/12, som enno står inne i regulert vegområde, og det vart gjort avtale om at låven på gbnr 18/10, som var regulert bort til fordel for vegutviding, skulle få stå vidare.

Alt etter politisk handsaming og vedtak.

Med om lag full utbygging av Engeset og Klepp og ein stor generell trafikkauke ser vi no dei uheldige konsekvensane av slike kortsiktige kostnadsvurderingar.

Særleg er tilhøva for mjuke trafikantar prega av dette. Men tilhøva er på ein del strekningar også marginale med omsyn til framkomelegheit og i høve driftsmessige tilhøve. (vintervedlikehald m.v).

Plan for Håmyra er ein privat reguleringsplan, og både tiltakshavar, plankonsulent og kommuneadministrasjonen har i sine vurderingar knytt til denne planen lagt føringane i overordna plan til grunn.

I saka har administrasjonen elles lagt til grunn gjeldande retningsliner for tiltak og rekkefølgjekrav i plan, ut frå reglane i plan og bygningslova om refusjon-/opparbeidingsplikt -/utbyggingsavtale. Jf PBL kap. 17 og 18.

Det er såleis i planprosessen etablert grunnlag for utbygging av Håmyra i privat regi, basert på intensjon om utbyggingsavtale som sikrar full utbygging av samleveg gjennom sjølve Håmyrafeltet og langs Solhøgda til enden av Raudemyrvegen.

Her er det lagt til grunn at utbyggar kostar tekniske anlegg ”tilsvarande bustadgatestandard”, medan kommunen ber kostnadane for oppgradering til samleveg standard. Ein modell som er innanfor rammene for refusjon og opparbeidingsplikt i PBL, og er akseptert i andre tilsvarende saker i kommunen, og av andre kommunar, i tilknytning til utbyggingsavtalar og som alternativ til refusjonsberekningar etter Plan og bygningslova.

Det er klart behov for tiltak i Raudemyrvegen øvre del (frå Lisjenakkvegen til Solhøgda) for at denne skal ha samlevegstatus og kunne fungere som sambindingsveg med ringbussrute. Dette er ikkje teke med i reguleringsplan Håmyra no, då ein har vurdert det som forsvarleg med ei delvis utbygging av Håmyrafeltet basert på eksisterande vegnett.

Kommunen står relativt fritt til å setje rekkjefølgjekrav i eit eventuelt planvedtak som sikrar slik utbetring av tilgrensande vegnett før utbygging av nye byggeområde.

Administrasjonen har så langt ikkje funne det rett med slike vilkår knytt til Håmyraplanen. Men har som nemnt lagt til grunn vilkår om berre delvis utbygging av området før ny samleveg mot vest er på plass.

Administrasjonen har ut frå refusjonsreglane i PBL ikkje funne at det er grunnlag for at ytterlegare kostnader knytt til samlevegssystemet kan påleggast utbyggar av Håmyra eller utliknast på tomteprisen i dette feltet.

Dette er også lagt til grunn i dei drøftingar som er gjort som grunnlag for seinare utbyggingsavtale, og som vil bli fremja som eiga sak når reguleringsplan er godkjent. Vidare utbetningsbehov på eksisterande vegnett er såleis vurdert som eit kommunalt ansvar.

Trafikkmengda i Raudemyrvegen er i dag liten, og vil vere det også etter utbygging av første del av Håmyrafeltet.

Teknisk prosjektering av feltet og utbygging av interne tekniske anlegg vil ta eit til to år. Utbygging av bustader i feltet vil også strekkje seg over fleire år. Tiltakshavar legg her til grunn ein utbyggingstakt på om lag 15-20 bustader pr år, altså ei utbygging av første byggesteg over ein periode på fem til sju år.

Utbetring av naudsynte tiltak i eksisterande vegnett vil såleis kunne skje parallelt. Det vil vere behov for ny reguleringsplan for å sikre grunnlag for standardheving til samlevegstandard på strekninga Lisjenakkvegen til planområdet Håmyra.

Administrasjon og ordførar har med grunnlag i K-sak 36/15 hatt møte med tiltakshavar der ulike problemstillingar knytt til vidare handsaming av saka vart drøfta. Her vart også

spørsmål om vidare frivillig deltaking i opprusting av eksisterande vegar utanfor planområdet drøfta.

Tiltakshavar hadde klare tilbakemeldingar:

*Planavklaringar og spørsmål knytt til utbyggars medverknad i overordna infrastruktur bør fylgje dei retningslinjer som til no er lagt til grunn og som har vore vanlege og akseptert av feltutbyggerar.*

*Krav om medverknad/ekstra tiltak som går langt ut over reglane i PBL kan ikkje akseptertast. Utbygginga vil vere marginal uansett.*

*Rekkefølgekrav som stoppar utbygging av feltet vil berre medføre at utbygginga vert "lagt på vent", og at hans investeringar dei komande fyrste åra vert lagt til andre område/kommunar.*

*Viser til at prosjektering og utbygging av tekniske anlegg vil ta min 1 til 2 år, og forventa utbyggingstakt i feltet 10 -20 bustader pr år.*

*Stiller seg open for medverknad til eventuelle strakstiltak som kommunen vil setje i verk i/langs samleveggen for å gjere tilhøva for fotgjengarar tryggare langs vegen, og til eventuelle særlege omsyn som må/ kan takast i ein anleggsfase.*


I høve spørsmål om rekkefølgekrav for tiltak utanom planområdet finn administrasjonen elles grunn til å vise til at slike rekkefølgekrav med tilhøyrande utsetjing av planprosjektet kan gje grunnlag for erstatningsansvar knytt til prosjekteringskostnader m.v.

### Om Samleveg-standard:


Frå veg/gatenormalane er henta fylgjande vedkomande samlevegar med tilsvarende trafikkgrunnlag som i vårt område:




Figur C.17 er vist med tosidig fortausløsning. I områder med arealknapphet kan en anlegge ensidig fortau og avgrense med kantstein mot tomtegrensen på den andre siden av vegen. Dersom vegen trafikkeres av mer enn 10 busser per retning per døgn anbefales tverrprofil som vist i figur C.17.



### Vald vegstandard i Håmyra/Urbakkfoten:





**Frå planomtalen er det henta fylgjande omtale knytt til Sambindingsvegen - O\_V1:**

*”O\_V1 er del av den nye samlevegen gjennom Håmyra og Urbakkfoten, som strekker seg frå Kleppevegen til Raudemyrvegen i avkøyrsla til Solhøgda. Vegen skal ha einssidig oppheva fortau på heile strekninga.*

*O\_V1 skal byggast ut etter følgjande normalprofil:*

*Regulert vegbreidde er 6,0 m inkl. skulder/kantstein. I tillegg kjem 2,5 m til fortau, 2 m sideareal ved fortau og 1,5 m sidareal på motsett side. Kvar køyrebane vil ha breidde på 2,75m. Sideareal utanfor fortauet skal nyttast til open grøft og snøopplag. På motsett side kan sidearealet nyttast til rekkverk og ev. støyskjerming der dette er nødvendig.*

*Vegen innanfor planområdet er om lag 586 m lang med maksimal stigning på maksimalt 8% på ei kortare strekning.*

*O\_V1 skal ha oppheva gangfelt. Det er lagt til rette for gangfelt mellom gangvegen som kjem opp frå Solhøgda(o\_G/S3) og fortauet(o\_F2) på motsett side av sambindingsvegen. Herifrå kan ein gå vidare vest-/austover langs o\_V1, langs o\_V2 til bustadområdet ovanfor Sambindingsvegen eller via tursti(o\_Tv2) til Prestesetervegen og vidare opp i markaområda ovanfor busetnaden.*

*For å sikre enkel tilkomst for busette sør for o\_V1 til ballplassen i f\_L1 er det lagt til rette med gangveg frå o\_V3, gjennom bustadområde, over o\_V1 med oppheva gangfelt og vidare inn i f\_L2.*

*I tilstøytande planområde i vest (Urbakkfoten) er/vert det lagt opp til gangfelt og busshaldeplass som skal kunne nyttast av busette innanfor planområdet i Håmyra.”*

Det er altså gjennom Håmyra og Urbakkfotfeltet lagt opp til ein noko auka standard i høve til vegprofilen i Raudemyrvegen. Dette gjeld i hovudsak utviding av køyrebane med 0.5m og eit utvida serviceareala på begge sider av vegen. (avstand til grøft og mellom vegkant og moglege murar).

**Dei moment som er peika på i brev om lovlegkontroll:**

Vi viser til sitat frå brevet med dei moment som er peika på, (*kursiv*), og administrasjonen si vurdering av desse og moglege tiltak.

*”1. Trafikken til Håmyra vil gå nedover Raudemyrvegen, vidare fortsette nedover Heltnevegen til den kommer inn på Fv4S. Trafikken vil gå vestover mot Øyra skole, langs Fv45 og inn på E39 før den tar av mot Porsemyrvegen vestover. ”*

Biltrafikken frå /til Håmyrafeltet første utbyggingssteg vil gå som her angitt. Dette gjeld utbygginga sør for planlagt samleveg gjennom feltet, samla ca 90 bustader.

Vi vil sjå nærare på vegsituasjonen i dette området med fokus på Raudemyrvegen/Heltnevegen. Tilhøva knytt til Fv45 og E39/Fv651 vert ikkje gått inn i her, då dette er fastsett i eigen kommunedelplan og skal vidare utgreiast og etablerast løysingar for gjennom eigen reguleringsprosess med oppstart no i 2015.

Det er ikkje gjennomført trafikktejingar for dei aktuelle vegane. Slike tejingar er planlagt gjennomført som del av/grunnlag for vegplan tilknytt revisjon av kommuneplan.

Vi har ein del trafikktalet frå Fv 45 som gir god indikasjon på trafikkfordeling mot Heltnevegen.

I Raudemyrvegen og tilgrensande gater er det i dag ikkje gjennomgangstrafikk og det er såleis greitt å bererekne trafikktalet for desse vegane.

Institusjonane i nedre del av Heltnevegen, med barnehagar og sjukehuset (sjølv om vegen eigentleg er stengt mot/frå sjukehuset), samt studentbustadane her, gir eit noko meir komplisert trafikkbilete, og såleis noko meir usikkerheit i talmateriale.

Basert på tal husvære i området og trafikk til barnehagar mv, og tejingar på fv45, er trafikkgrunnlaget i nedre del av Heltnevegen stipulert til ÅDT på ca 1500 - 2000. Trafikken er sterkt konsentrert rundt "rusjtidene" ved arbeid start/slutt, og trafikkmengda i "stille tid" er svært lav.

Omfanget av tyngre køyrety er også svært lav utanom i periodar med bustadutbygging innanfor området.

I øvre del av Heltnevegen, frå Grendavegen til kryss Raudemyrvegen er berekna ÅDT ca 1000 .

I Raudemyrvegen nedre del (Lisjenakkvegen –Heltnevegen) er berekna trafikktalet - ÅDT ca 300 -1000.

I Raudemyrvegen øvre del (Lisjenakkvegen-Solhøgda) - ÅDT ca 200-300.

Full utbygging av første del av Håmyra (som kan byggast ut før sambindingsvegen mot vest er ferdig) vil gje ein berekna trafikktalet på ÅDT 400-500. (alle bustadane i 1.byggesteg bygd ut over ein periode på ca 5-7 år).

Eventuell auke knytt til gjennomgangstrafikk er ikkje rekna å ha særleg betydning, då trafikken etter slik samanbygging truleg vil bli meir fordelt i begge retningar til/frå sentrum og mellom bustadfelta.

Samla sett er det her i dag og også etter eventuell utbygging av første del av Håmyra tale om relativt lave trafikktalet i desse vegane.

Spørsmål om opning av Uravegen vil derimot kunne ha stor betydning i høve til auka gjennomgangstrafikk over sambindingsvegen og for trafikken i Heltnevegen.

*"2. Der Raudemyrvegen går over til Heltnevegen krysser skolebarn daglig til Bratteberg skole. Elevene kommer fra Heltnevegen, Furebakken, Granlia Raudemyrvegen, Grendavegen, Brenslene og andre tilhørende felt. Det er ikke gangveg eller lys i krysset som går mot Uravegen til Bratteberg skole."*

Det er rett at det ikkje er etablert fotgjengarfelt i dette krysset som er eit viktig gangsamband til skulane og mellom bustadfelta.

Etablering av slikt fotgjengarfelt og tilknytning av dette mot Uravegen og Raudemyrvegen bør vurderast som aktuelt strakstiltak.



Spørsmål om lys i gata er ikkje teke inn som tema, då vi står framfor generell utskifting av lysanlegg i kommunalt vegnett, med overgang til led-lys. Eventuelle særskilte behov for lyssetting knytt til gangfelt, kryssområde etc vert å ta opp i denne saka.

*”3. Dagens veistandard opp Heltnevegen, Raudemyrvegen inn til det regulerte feltet i Håmyra har ikke den standard på samleveg, som er beskrevet som nødvendig i detaljplanene for Håmyra. Det er dårlig separering mellom myke trafikanter og motorisert trafikk.”*

**Heltnevegen** - frå kryss med fv 45 til kryss Grendavegen og Røyslidvegen.



Har god samlevegstandard, jf vegnormalane  
Heltnevegen - køyrebane 6.5m, rabatt 2.5 – 3 m og gangveg 3m. Noko stor stigning på del av strekninga. Nokre enkeltavkøyrslar.  
Fartsreduserande tiltak gjennomført ved kryss mot Grendavegen (30km-humpar)

**Heltnevegen** -strekninga kryss Grendavegen til grense Røyslid-Heltne II:



Har samlevegstandard, jf vegnormalane  
Køyrebane veg – 5.5m – ein-sidig oppheva fortau 3m breidde. Mange enkeltavkøyrslar på begge sider, også over fortau. Fartsdempande tiltak gjennomført (30km –hump) ved kryss gangveg mot tidlegare Heltne skule gir lav trafikkfart i området.

**Heltnevegen** - fra Røyslid-Heltne II til Uravegen/Raudemyrvegen:



Har god samlevegstandard, jf vegnormalane.

Kørebane 6.5m, rabatt 3 m og gangveg 3m. Ingen enkeltavkørsler. Eit vegkryss med bustadgate.

Manglar fotgjengarfelt mot Uravegen/Raudemyrvegen.

### **Samla vurdering Heltnevegen:**

Vegstandarden i Heltnevegen tilfredsstillar krav til samleveg med aktuelt trafikkgrunnlag.

Eit minus ved vegen er at den er noko bratt på ei strekning, og har litt for mange enkeltavkørsler. Eit pluss er at det på den strekinga med flest direkte avkørsler er det etablert fartshumpar (30/km/t-kurvatur) som gir lav trafikkfart gjennom området.

Trafikktilhøva ved Sollia og Oppigarden barnehage er i dag uryddige og har konflikt med gang/sykkelveg. Her har det og vore trafikkulykker mellom hente/bringefunksjon og syklistar/fotgjengarar. Dette er no planlagt utbetra som eige trafikktryggingstiltak.

Heltnevegen har tilfredstillande samlevegstandard og slik standard at det ut frå aktuell trafikkmengd ikkje er vanskar med framkome, eller driftsmessige tilhøve.

Vegen er tilfredsstillande tilrettelagt for mjuke trafikantar.

På lang sikt bør ein vurdere etablering av fortau også på aust/sørsida av Heltnevegen fram til etablerte fotgjengarfelt/kryssingspunkt. (t.d. om ein vurderer opning av Uravegen).

Ser ikkje behov for strakstiltak på denne strekinga ut over dei som allereie er planlagt utført.

### **Raudemyrvegen:**

**Raudemyrvegen** - frå Heltnevegen til Lisjenakkvegen.



Raudemyrvegen nedre del (Heltnevegen –Lisjenakkvegen) har standard som samleveg etter vegnormalane. Dette basert på såkalla minimumsløysing for samleveg som kan akseptertast i bratt terreng.


Kørebane 5.5m fortau-oppheva med kantstein, breidde 2m. Få enkeltavkørsler (1 bustad). Det er etablert murar og hekkar inn mot fortauet.



Dette medfører noko problem knytt til vintervedlikehald, snørydding m.v. Vegstandaren krev såleis særleg omsyn og merksemd i høve vedlikehald både sommar og vinter for at fortauet skal ha tilfredstillande funksjon.

Redusert standard gir grunnlag for vurdering av fartsgrense i vegen med tilhøyrande fysiske tiltak.

### **Raudemyrvegen - frå Lisjenakkvegen til planlagt utbetra veg ved Solhøgda:**



Situasjonsbilette



Utsnitt reguleringsplan

Vegen har ikkje samlevegstandard.

Køyrebane 4-4.5m. Har oppheva fortau m kantstein breidde 2m.

Direkte avkøyrsløse til bustader på begge sider. (til saman 9 bustader)

Raudemyrvegen har altså på denne strekninga ikkje samlevegstandard, men er bygd som bustadgate med fortau.

På denne strekninga vil trafikkauke fort merkast også med omsyn til framkomelegheit.

Særleg vil innslag av større (tunge) køyrety gje utslag her.

T.d i ein anleggsperiode ved utbygging av Håmyrafeltet, og når busstrafikken eventuelt seinare vil gå gjennom denne vegen.

For å oppnå tilfredsstillande samlevegstandard her må vegen utvidast med auka køyrebanebreidde og fortau som minimum i resten av Raudemyrvegen. (utviding av køyrebane med 1m og tilsvarende flytting av fortau).

For å kunne gjennomføre slik vegopprusting må det utarbeidast ny reguleringsplan for denne vegstrekninga.

Teknisk synest dette muleg utan vesentlege større inngrep i eigedomane langs vegen.

Eventuell utviding vil i tillegg til breiddeutvidinga krevje utbetring av avkøyrsløse-tilkomstvegar.

Ei garasje står så nær vegen at det gir vanskar for slik utbygging. Total breidde er her i dag 7.75 m, medan full utviding set krav til min. 8.5 m. Alternativt må såleis garasjen flyttast.

Skal slik breiddeutviding gjennomførast må det på plass oppdatert reguleringsplan og etterfylgjande avtalar med aktuelle grunneigarar. Behov for mur langs indre fortaukant synest naturleg her, som kompensasjon for inngrep, og som tiltak for justering av avkøyrsløse. (mur langs innerkant for å ivareta endringar i høgde).

Slik plan- og avtaleavklaring vil ta tid i høve planprosess og for sikring av grunn. (Normalt om lag eit år til planarbeid og kanskje tilsvarende for grunnerv).)

Det må også avsettast naudsynte midlar til prosjektet i økonomiplan/budsjett før dette kan gjennomførast.

Ut frå prisar frå tilsvarende anlegg har vi vurdert kostnaden ved tiltaket til ca. 1.5 mill kr, inkl. grunn og ev flytting av garasje.

Dersom utbygging av Håmyra vert sett i gang før slik vegutbetring er på plass kan det som strakstiltak vurderast å innføre redusert fartsgrense med naudsynte fysiske tiltak på denne vegstrekninga. Det bør då også vurderast behov for eventuelle særtiltak i anleggsperioden.

Langs Solhøgda og gjennom Håmyra er det gjennom reguleringsføresegner med rekkefølgekav lagt opp til full utbygging av samleveg med tilfredstillande standard som del av feltutbygginga.

Ny samleveg er dimensjonert med god standard etter vegnormalane. Stigninga på vegstrekninga er også moderat, med maks stigning på ca 5.5%.

Det er lagt til grunn som føresetnad at vegen i reguleringsområdet, langs Solhøgda og heilt til Gjøl-elva vert bygd ut med full standard før bustadar i området kan takast i bruk.

Fortau langs ny veg, oppheva fotgjengarfelt og likeeins tilknytning mot eksisterande gangvegnett/turveg høyrer med i feltutbygginga.

Administrasjonen ser ikkje behov for fartsreducerande skilting her ut frå planlagt vegstandard og framkomelegheit for buss når heile vegen er ferdig. Oppheva gangfelt og busslommer vil gje naturleg fartsreduksjon.

I anleggsperioden:

Behov for tiltak langs Solhøgda for å sikre tilgjenge til tuområda, for å hindre støv og støy i høve til eksisterande bebyggelse.

Grunnlag for dette er sikra i reguleringsføresegnene § 4.1 Rekkefølge, Pbl. §12-7 nr.10, pkt k).

Innanfor planområdet Håmyra er såleis vegstandard og behov for tiltak tilfredstillande ivareteke gjennom planutforming og føresegner.

Som nemnt tidlegare i saka har ein funne det naturleg å skilje dei to utbyggingsområda, Håmyra og Urbakkfoten.

Problemstillingane knytt til samlevegen vestover frå Håmyra og behov for tiltak i tilgrensande vegar nedover mot sentrum, Kleppevegen og Engesetvegen, blir såleis å ta opp som eiga sak tilknytt planområdet Urbakkfoten.

Vi har imidlertid gjort ei grov førebels vurdering også av denne vegstrekninga som vi legg som vedlegg til saka no. Jf vedlegg – *Aktuelle vegutbetringar i Engesetvegen og Kleppevegen ved utbygging av Urbakkfoten.*

### **Strakstiltak:**

I brevet knytt til lovlegkontroll er det også reist spørsmål om aktuelle strakstiltak, gjennom eventuell fartsgrensereduksjon som vilkår for plangodkjenning/utbygging av Håmyrafeltet:

*”Under forutsetning om at utbygger gjennomfører fartsdempende trafiksikringstiltak for utbyggers regning.*

*Fartsdempende tiltak skal gjennomføres med bakgrunn i NA-Rundskriv 05/17 med veileder og handbok V128. Dette skal gjennomføres for veinett som blir tilført ekstra belastning grunnet utbyggingen. Tiltakene skal gjennomføres etter kriteriene i vedlegg til NA-Rundskriv 05/17, for atkomstveier med stor aktivitet og dårlig separering. Med fartsdempende tiltak menes nødvendige fysiske tiltak for anbefalt fartsgrense etter nevnte kriterier.”*

Fartsgrensereduksjon i samlevegssystem vil normalt vere reduksjon til 40 km/t. Aktuelle fysiske tiltak vil vere fartshumpar (40km/t-profil) eller tilsvarande løysing med t.d oppheva fotgjengarfelt.

Heile vegstrekninga bør også vurderast skilta som forkøyrsvog. Jf Statens Vegvesen- rapport 113, ”Tydeliggjøring av vikepliktsforhold i kryss og vurdering av forkjørregulering av veger”.

I tilknytning til trafikktryggingssplan er det sagt fylgjande om dette:

### **”7.6 Forkøysregulering av hovudvegar.**

*Statens vegvesen har over tid arbeidd med vurdering av forkøysvegeregulering kontra høgreregelordninga sett i høve til ulykkesfrekvens.*

*Gjennom omfattande registreringsmateriale, jf eigen rapport 113 frå Statens vegvesen, er konklusjonane svært klare på at slik regulering av vegnettet vil ha betydeleg effekt i eit trafikktryggingsperspektiv. (berekna inntil 30% reduksjon i tal ulykker!).*

*Med grunnlag i dette har statens vegvesen tilrådd omfattande gjennomgang av heile det overordna vegnettet med tanke på innføring av forkøysveg. Jf. Brev av 25.03.2014 frå Statens vegvesen.*

*Kommunane er her også bedt om ein gjennomgang og vurdering av det kommunale samlevegnettet for tilsvarande avklaring.”*

For **Heltnevegen** finn vi ut frå vegstandard og eksisterande fartseduserande tiltak ikkje at det er behov for fartsgrensereduksjon ved skilting eller nye fartsdempande tiltak.

Det bør etablerast samanhengande fortau i front av tidligare butikktomt og gjerast innsnevring av avkøyringar her.

Vidare bør det etablerast betre av- og påstigningsordning og betre parkering ved Sollia/Oppigarden barnehage, tiltak som no er under planlegging.

Det kan også vurderast oppheva gangfelt ved kryss Monsvegen og ved Nygardsvegen.

For **Raudemyrvegen** finn vi at det ut frå vegstandard vil vere naturleg å tilrå skilting med fartsgrense 40km/t, og etablere tilhøyrande fartshumpar/oppheva gangfelt ved gangveg mot Sjukehuset, ved kryss mot Brenslene, mot gangveg aust for Steingardsvegen og ved overgang til Heltnevegen/Uravegen.

I vegen vil det vere behov for godt vedlikehald både sommar (fjerning av vegetasjon/sidehinder) og vinterstid (fjerning av snø).

Slike strekningar har allereie prioritet i gjeldande brøyterutinar med omsyn til brøyting før skuletid og med omsyn til fjerning av snø.

Gatestrekninga bør ha prioritet i høve komande plan for utskifting /oppgradering av kommunale gateløys.

Dersom Raudemyrvegen ikkje er opparbeidd til samlevegstandard før utbygging av Håmyrfeltet startar, bør det i anleggsfasen etablerast ordning med vikeplikt for møtande køyrety eller lysregulering i denne delen av vegen.

### **Andre tiltak i plan som kan gje utslag trafikkmessig:**

#### **Spørsmål om utnyttingsgrad/eventuell redusert utbygginga innan planområdet.**

I merknader til plan for Håmyra ved offentleg ettersyn vart det både frå naboar til området og frå fagleg hald i kommunen reist spørsmål om tettleiken på utbygginga i området og tal bueiningar.

Dette var då særleg sett i høve til intern planutforming, interne planløysingar og dei terrengmessige uheldige sider som slik tett utbygging vil kunne gje.

Tal bueiningar har også direkte innverknad i samla trafikkmengd i feltet og mot tilgrensande vegnett. Som nemnt vil det samla sett vere lave trafikktalet i vegsystemet sjølv etter utbygging av området.

Det er i tilrådd plan lagt til rette for fylgjande utbygging:

**BF1** er eksisterande tomter med tilkomst mot Smalebakken. Grad av utnytting (%BYA) =30% BYA

Innan **BK1 – BK8** skal det kunne førast opp konsentrerte fleirmannsbustader med tilhørande anlegg som garasje, bod og liknande.

*BK1 – BK8 skal planleggast under eitt, men skal byggjast ut i trinn.*

BK1	Lågblokk med parkering i underetasje	10	50 bueiningar
BK2	4-mannsbustader	4	16 bueiningar
BK3	Lågblokk med parkering i underetasje	10	20 bueiningar
BK4	4-mannsbustader	4	16 bueiningar
BK5	4-mannsbustader og 2-mannsbustader	4 og 2	16 bueiningar
BK6	2-mannsbustader	2	8 bueiningar
BK7	Lågblokk med parkering i underetasje	10	10 bueiningar
BK8	Lågblokk med parkering i underetasje	10	20 bueiningar

Grad av utnytting av tomtene er bestemt av “tillate prosent bebygd areal” (%BYA) slik:

Maks %BYA for BK1, BK3, BK7 og BK8 = 50% BYA

Maks %BYA for BK2, BK4 og BK5 = 45% BYA

Maks %BYA for BK6 = 30% BYA

Områda BK3, BK4, BK5, BK6, BK7 og BK8 kan byggast ut som fyrste byggesteg basert på tilkomst mot aust mot Raudemyrvegen/Heltnevegen. Samla tal nye bustader i denne delen av planområdet er 90.

Til samanlikning er det i dag i Solhøgda til saman 16 bustadtomter og i austre del av Raudemyrvegen 9 bustadtomter som nyttar Raudemyrvegen.

Ved å redusere tal bustader i deler av Håmyraområdet vil dette også gi seg utslag i trafikkmengd frå feltet.

Ved å erstatte blokkbebyggelsen med 4-mannsbustader og gje noko meir avstand mellom bygg i tunordninga, (jf m.a. også innspel frå Skuset/Falkeveik), vil ein nedanfor vegen kunne redusere tal bueingar frå 90 til ca 65. Utnyttingsgrad ville i så fall bli om lag 40% BYA mot i tilrådd plan om lag 50%BYA.

Ein slik reduksjon i tal bueiningar/utnyttingsgrad ville kunne vere eit betydeleg bidrag til redusert trafikkbeltastning mot eksisterande underdimensjonert vegnett.

Slik endring vil krevje ny planhandsaming med ny prosjektering og nytt offentleg ettersyn. Ein gjer merksam på at ei slik endring no truleg kan utløyse erstatningskrav frå utbyggjar. Td krav om dekking av prosjekteringskostnader.

### **Vurdering og konklusjon:**

Med grunnlag i dei tilrådingar som er gjort ved utlegging av plan til offentleg ettersyn og i den etterfylgjande tilråding til formannskap og kommunestyret i sak 4/15, finn ikkje rådmannen grunnlag for no å tilrå reduksjon i sjølve planprosjektet for Håmyra.

Dette sjølv om ein slik reduksjon i tal bueiningar på området også ville gje redusert trafikkbeltastning for tilgrensande vegnett.

Den totale trafikkmengda i samlevegane som vert berørt er relativt små.

